



Magnus Skjoldal frå Tønsberg er dagens fiskar i Uskedalselva.

Magnus Skjoldal (13 år) er dagens fiskar i Uskedalselva. Stolt syner han fram ein villaks på 4,1 kg teken på meitemark i elva ved Haugland skulemuseum. Magnus er frå Tønsberg og har vore med foreldre og besteforeldre kvart år på ferie i Uskedalen sidan han var liten gut.

Magnus har fiska fast i Uskedalelva dei tre siste åra. Saman med far sin og gode naboar på Øyro Marina har han lært seg kunsten å vera tolmodig og fiska på rette måten ut frå vassmengde og andre lokale tilhøve.

Dei vaksne fiksakarane fortel Magnus om Uskedalselva, om hølane, kulpane og korleis fiken står i elva. Kunnskap og ferdigheter er viktig for å kunna lukkast som ein god fiskar. Ein er godt nøgd med ordninga i Uskedalen med gratis fiske for born saman med vaksne. Dette gjeld fram til fylte 18 år. Kravet er at ein er registrert og at fangst vert meldt inn.

Moro var det i dag at dei vaksne hadde fisk på, men mista den. Magnus slo til i sitt tredje kast og fekk laksen, som forresten var ein hannfisk, på over 4 kg.

I morgon går turen til Austrepollen i Mauranger (Kanalen) for å fiska oppdrettsfisk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal